



Utvalg: Kontrollutvalet i Fusa kommune
Møtestad: Loftet, Kommunehuset i Fusa
Dato: 01.06.2015
Tidspunkt: 11:00 - 13:45

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Arild Legland	Leiar	FRP
Øyvind Nordbø	Nestleiar	SP
Ranveig Næss	Medlem	H
Turid Glesnes	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Arne Holmefjord	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Vara kunne ikkje møta for Arne Holmefjord

Andre som møte:

Navn	Stilling
Berit Fløysand	Rådmann (PS 19/15 og 20/15)
Jarl Ottmar Reinsnes	Økonomisjef (PS 20/15)
Gro Elisabeth Almås	Einingsleiar (PS 19/15)
Bjarne Ryland	Partner i Deloitte AS (PS 17/15-20/15 og 22/15-26/15)
Elin Molven Wilhelmsen	Spesialrådgjevar i Hordaland Fylkeskommune

Arild Legland
utvalsleiar

Elin Molven Wilhelmsen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 17/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 18/15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 19/15	Rådmannen orienterer - Korleis samhandlingsreformen i Fusa kommune fungerer		2015/16
PS 20/15	Årsrekneskap 2014 for Fusa kommune - Uttale frå kontrollutvalet		2014/160
PS 21/15	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Fusa kommune		2014/165
PS 22/15	Forvaltningsrevisjon innan verksemdsstyring og vedtaksoppfølging i Fusa kommune		2015/25
PS 23/15	Konkuranseutsetting av revisjonstenester for Fusa kommune		2014/420
PS 24/15	Referatsaker		
RS 19/15	Oversikt over tilsyn i Fusa kommune		2014/163
RS 20/15	Arbeidstilsynet - Tilsyn i Fusa kommune		2015/16
RS 21/15	Fylkesmannen i Hordaland - Revidert nasjonalbudsjett 2015 og kommuneopplegget for 2016		2014/160
PS 25/15	Gjennomgang av møteprotokollar - Fusa kommune		2014/161
PS 26/15	Eventuelt		

PS 17/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 01.06.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 18/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 01.06.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til møteprotokollen.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Møteprotokollen frå møtet 23.4.2015 vart godkjent.

PS 19/15 Rådmannen orienterer - Korleis samhandlingsreformen i Fusa kommune fungerer

Forslag til innstilling/vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 01.06.2015

Handsaming i møtet:

Rådmann Berit Fløysand og eingsleiar Gro Elisabeth Almås orienterte i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

PS 20/15 Årsrekneskap 2014 for Fusa kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fusa kommune sin årsrekneskap for 2014.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen **må** syta for at årsrekneskap og årsmelding for Fusa kommune i framtida er ferdig innan dei fristane som er sett.
3. Kontrollutvalet ber om at Deloitte leverer melding frå revisor innan den fastsette fristen.
4. Kontrollutvalet ber rådmannen om å sette fokus på betring slik det kjem fram av revisjonsrapport nr. 5. 2014 frå Deloitte.
5. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i møte i utvalet 3.9.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbettringsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 5. frå Deloitte AS.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 01.06.2015

Handsaming i møtet:

Sekretariatet informerte om at regneskapsskjema 1 A - Driftsregneskapet i årsrekneskap for 2014 er feil, då regnskapstalet «til fordeling drift» ikkje er teke med der. Revisjonen har sendt korrekt skjema, som syner kr. 220.875.049, til fordeling drift, jf. fråsegn frå revisor. Skjema 1 A vart synt fram i møtet. Skjemaet vert sendt saman med partsbrev, sakstilfang og kontrollutvalet sin uttale, til kommune.

Rådmann Berit Fløysand og økonomisjef Jarl Ottmar Reinsnes orienterte i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner Bjarne Ryland frå Deloitte AS orienterte også i høve revisjonen av årsrekneskapet for 2014 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonen og administrasjonen skal ha eit møte før sommarferien 2015, for å koma fram til ein god prosess vidare i høve rekneskapsarbeidet i kommunen. Frå hausten 2015 vert det lagt opp til eit tettare samarbeid mellom revisjonen og administrasjonen, for å få på plass manglane ved økonomiavdelinga. Eit av måla no, er å få på plass gode rutinar og prosessar i høve arbeidsoppgåvene, slik at årsrekneskap og årsmelding vert ferdigstilt innan dei lovpålagte fristane. Kontrollutvalet ynskjer ei oppfølging av dette arbeidet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fusa kommune sin årsrekneskap for 2014.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen **må** syta for at årsrekneskap og årsmelding for Fusa kommune i framtida er ferdig innan dei fristane som er sett.
3. Kontrollutvalet ber om at Deloitte leverer melding frå revisor innan den fastsette fristen.
4. Kontrollutvalet ber rådmannen om å sette fokus på betring slik det kjem fram av revisjonsrapport nr. 5. 2014 frå Deloitte.
5. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i møte i utvalet 3.9.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbettringsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 5. frå Deloitte AS.

PS 21/15 Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Fusa kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Bjarne Ryland, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Fusa kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 01.06.2015

Handsaming i møtet:

Partner Bjarne Ryland frå Deloitte AS orienterte i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Bjarne Ryland, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Fusa kommune, til etterretning.

PS 22/15 Forvaltningsrevisjon innan verksemdsstyring og vedtaksoppfølging i Fusa kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan «verksemdstyring og vedtaksoppfølging» i Fusa kommune, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og event. innspel under drøftinga i møtet.
2. Korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan.....2015. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
3. Godkjend prosjektplan skal leggjast fram som melding i kontrollutvalet i neste møte. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utvangen av.....2015, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 01.06.2015

Handsaming i møtet:

Grunna sjukdom kunne ikkje forvaltningsrevisjonsrevisor stilla som planlagt i dette møtet. Partner Bjarne Ryland orienterte i høve saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonen informerte om at det hadde vore ein dialog mellom forvaltningsrevisjonsrevisor og rekneskapsrevisor om innkrevjing av gebyr og sjølvkostkalkylar i Fusa kommune. På bakgrunn av denne dialogen, vurderer revisjonen det slik at det ikkje er føremålstenleg å inkludere temaet «*sikra at kommunen får inn inntekter*» i ein forvaltningsrevisjon av internkontroll, verksemdsstyring og vedtaksoppfølging. Revisjonen meiner at temaet er så omfattande at det vil vere mest føremålstenleg å behandle dette som ein eigen forvaltningsrevisjon, for å få ein forsvarleg gjennomgang av sjølvkostområdet, samt andre tema relatert til kommunen sine inntekter.

På bakgrunn av dette råder revisjonen til at dette temaet vert teke ut av prosjektet. Kontrollutvalet var samde i revisjonen si vurdering, og temaet «*sikra at kommunen får inn inntekter*» vert teke ut av forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan «verksemdstyring og vedtaksoppfølging» i Fusa kommune, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og innspel under drøftinga i møtet.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utvangen av november 2015, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 23/15 Konkurranseutsetting av revisjonstenester for Fusa kommune

Forslag til vedtak

1. Det skal gjennomførast ny konkurranse av revisjonstenester for Fusa kommune med sikte på at ny kontraktsperiode skal gjelda frå 01.07.2016.
2. Kontrollutvalet ønskjer at arbeidet relatert til konkurranseutsetting av revisjonstenester vert samordna med andre kommunar som skal gjennomføra slik prosess nå.
3. Til å bistå seg i prosessen med innkjøp av revisjonstenester for ny periode vil kontrollutvalet velja:
 - a. Alt. 1: - Kontrollutvalet ber rådmann om å få disponera kommunen sin innkjøpsansvarlege.
 - b. Alt. 2: - Kontrollutvalet ber sekretariatet innhenta tilbud frå tre alternative firma, om bistand i prosessen.
 - c. Alt. 3: - Kontrollutvalet vil be sekretariatet om å bistå seg i prosessen.
4. Bistand omfattar:
 - utarbeiding av utkast til kravsspesifikasjon
 - utkast til konkurransegrunnlag
 - kunngjering, protokollføring
 - evaluering av innkomne tilbud
 - varsel om tildeling
 - utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samrådsmøter
 - samt aktuelle møter i kontrollutvalet og kommunestyret
5. Arbeid knytt til evt. klage vert å avtala særskilt.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 01.06.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka og fatta samrøystes vedtak.

Vedtak:

1. Det skal gjennomførast ny konkurranse av revisjonstenester for Fusa kommune med sikte på at ny kontraktsperiode skal gjelda frå 01.07.2016.
2. Kontrollutvalet ønskjer at arbeidet relatert til konkurranseutsetting av revisjonstenester vert samordna med andre kommunar som skal gjennomføra slik prosess nå.
3. Til å bistå seg i prosessen med innkjøp av revisjonstenester for ny periode, veljer kontrollutvalet sekretariatet.
4. Bistand omfattar:
 - utarbeiding av utkast til kravsspesifikasjon
 - utkast til konkurransegrunnlag
 - kunngjering, protokollføring
 - evaluering av innkomne tilbud
 - varsel om tildeling
 - utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samrådsmøter
 - samt aktuelle møter i kontrollutvalet og kommunestyret
5. Arbeid knytt til evt. klage vert å avtala særskilt.

PS 24/15 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 01.06.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom referatsakene.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til orientering.

RS 19/15 Oversikt over tilsyn i Fusa kommune

RS 20/15 Arbeidstilsynet - Tilsyn i Fusa kommune

RS 21/15 Fylkesmannen i Hordaland - Revidert nasjonalbudsjett 2015 og kommuneopplegget for 2016

PS 25/15 Gjennomgang av møteprotokollar - Fusa kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 01.06.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollane.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 26/15 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 01.06.2015

Handsaming i møtet:

Siste kontrollutvaldsmøte i denne valperioden:

Kontrollutvalet ynskjer å ha siste møte denne valperioden som vanlig. Møterom «Lofset» i kommunehuset er tinga.

Det kom ikkje opp noko anna under «eventuelt».